



Landbruksdirektoratet

Svar - Høyringsbrev - Forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap

Dykkar referanse: 19/27640

Vi syner til dykka brev av 2. juli 2019 med forslag til ny forskrift om tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap. Administrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune har fyljande merknadar til forslag til ny forskrift:

Tilhøvet til Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Forslaget til ny forskrift er ei oppfølging av Stortinget sitt vedtak om at ansvaret for forvaltning av tilskot til Utvalgte kulturlandskap i jordbruket kan overførast frå statleg forvaltning til kommunane. Dei utvalde områda i Sogn og Fjordane er, Grinde og Engjasete, Stadlandet, Ormelid og Lærdal. Vestland fylke vil i tillegg til desse områda få med Gruvslandslia og Havrå i Hordaland. Kommunane der desse områda er lokalisert, vil frå 2020 få tildelt nye oppgåver. Nye oppgåver som skal løysast ut i frå lokale føresetnader og politiske føringar.

Det er i forslag til ny forskrift gjort lite endringar. Utover endring av forvaltningsnivået og ei tilpassing til dette. I høyringsnotatet er det uttrykt eit ynskje om at fleksibiliteten knytt til fordeling av roller og arbeidsoppgåver bør vidareførast og at det må takast omsyn til fylkesmannen sine nye roller som kontroll- og klageinstans. Det vert understreka at prosessar for informasjon og medverknad er eit viktig arbeid for lokal forankring og at koordinering av dette arbeidet krev mykje tid, kapasitet og ressursar. Det vert tilrådt å opprette egne regionale og lokale samarbeidsforum.

Fylkeskommunane har i dag eit omfattande samarbeid med kommunane i alt som går på planarbeid, medverknad og prosessarbeid. I plansamanheng er det oppretta eige planforum der kommunane møtast og drøftar eigne saker og utfordringar. Samtidig har fylkeskommunane god kompetanse på planfaglege spørsmål, naturfag og kulturminne. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at utvalde kulturlandskap får ein god start inn i eit landskap med politisk styrte organisasjonar. Vi vil i den samanheng tilrå at det vert vurdert om fylkeskommunane gjennom den nye forskrifta bør få tildelt ei meir formell rolle, både med tanke på forvaltning og koordinering av tilskotsordninga, Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap.

Tilhøvet til verdsarvområda

Sogn og Fjordane fylkeskommune finn det positivt at tilskot til verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden vert handsama lokalt av kommunane.

I Sogn og Fjordane fylke er også Urnes stavkyrkje skrive inn som eit verdsarvområde. Innskrivinga her omfattar kun stavkyrkja og kyrkjegarden. Likevel er det storslåtte fjordlandskapet som kyrkja er ein del av svært viktig for både forståinga av kyrkja sin kontekst og for opplevinga av kyrkja i landskapet. Jordbrukslandskapet rundt Urnes stavkyrkje er her vesentleg og det er svært viktig at området også i framtida står fram som eit ope jordbrukslandskap. I tillegg til verdsarverdiane i kyrkja vurderer Sogn og Fjordane fylkeskommune området til å ha betydelege verdiar knytt til jordbruket sitt kulturlandskap. Dersom det aktive jordbruket vert redusert eller opphøyrer vil desse verdiane bli svekka.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil difor be om at eit område på Ornes som omgjev Urnes stavkyrkje vert inkludert i tilskotsordninga på lik linje med Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap. Dette av di det vil bidra til å oppretthalde landskapet rundt Urnes stavkyrkje noko som er vesentleg for å ta vare på dei oppsluttande verdiane for verdsarven.

Det vert i dag arbeida med å lage ein forvaltningsplan og ein buffersoneplan rundt Urnes stavkyrkje. Når arealet for desse planane er fastsett bør tiltak innan for dette arealet omfattast av forskrifta. Vi ber difor om at ein i § 2 Virkeområde tek inn at forskrifta også gjeld for tiltak i landbruket rundt Urnes stavkyrkje. Dette området bør i første omgang avgrensast til å gjelde for Ornes. Når arbeidet med buffersoneplan og ny forvaltningsplan er ferdigstilt bør ein så vurdere å utvide området.

Med helsing

Eva Moberg
fylkeskonservator

Arlen Synnøve Bidne
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift